

Kartlegging av insekt i Hylsfjorden, Suldal kommune 2019

Av Eva Songe Paulsen, Solveig Apeland, Lisbeth Kristin Trøite Bjørnø



Kartlegging av insekt i Hylsfjorden, Suldal kommune 2019

Samandrag

Det blei gjennomført ei brei innsamling av insekt på tre lokalitetar i Hylsfjorden, Suldal kommune, i juni - september 2019, mellom anna i Ørland edellauvskogsreservat. Det blei brukt ulike innsamlingsmetodar, som håving, lysfeller, malaise-feller, fallfeller og kollisjonsfeller. Biller er artsbestemt av Per Kristian Solevåg. Stankelbein er artsbestemt av Kjell Magne Olsen ved Biofokus. Sommarfuglar er artsbestemt av Alf Tore Mjøs ved Museum Stavanger. Bier og blomsterfluer skal artsbestemast av innsamlarane i løpet av vinteren 2019-20. Det øvrige materialet vil bli sendt til Zoologisk Museum i Oslo. Så langt er det registrert ein raudlista billeart i materialet, *Melandrya caraboides* (EN). Det er også nokre biller nye for Rogaland, og ein del stankelbein nye for Rogaland eller Rogaland indre.

Emneord: artsregistrering, Rogaland, Suldal, Hylsfjorden, Ørland, Tengesdal, insekt

Innleiing

Sommaren 2019 samla me inn ulike typar insekt på tre lokalitetar i Hylsfjorden i Suldal kommune, nærare bestemt området Tengesdal – Vanvik. Målet var ei brei innsamling.

Området ligg i ein fjordarm med sørvendt, bratt li med mykje edellauvskog. I området ligg blant anna Ørland edellauvskogreservat. Det er mykje varmekjær lauvskog og gamle, styva tre i området, dessutan område med gammalt kulturlandskap. Denne delen av Rogaland er lite undersøkt med tanke på insekt.

Løyve til fangst av insekt i Ørland naturreservatet i 2019 er innhenta frå Suldal kommune og frå grunneigar Knut Inge Ørland.

Takk til Sabima som støtta innsamlinga økonomisk, samt til Per Kristian Solevåg som har bestemt billene, Kjell Magne Olsen som har bestemt stankelbein, Alf Tore Mjøs som har bestemt sommerfuglene og Lars Ove Hansen ved Zoologisk museum i Oslo for rettleiing.

Metode

Innsamlinga gjekk føre seg i tre lokalitetar i Hylsfjorden, markerte med raude prikkar på kartet under:




Fig 1: Kart som visar lokalitetane.

Me brukte ulike innsamlingsmetodar, både malaisefeller, kollisjonsfeller, fallfeller, lysfelle og håving. Alle lokalitetane blei besøkt 12.05 (rekognosering)., 08.06 (utsetting av fellene)., 02.07., 21.07., 03.08. og 20.09.2019 (tok ned fellene).

Hylsfjorden er karakterisert av svært bratte fjell og rik vegetasjon. Det finst mange gamle, styva tre av ask og alm.





Fig 2 (over): Gamle styva tre av ask er vanlege i området.

Fig 3 (til høgre): Det er svært bratte parti med varmekjær lauvskog ned mot fjorden.



Lokalitetar

Tabell 1: Oversikt over lokalitetane.

Lok	Sted	Naturtype
1	Ørland edellauvskogsreservat	Edellauvskog
2	Tengesdal 1 (ved hytte)	Vegkant med kratt av bjørnebær
3	Tengesdal 2 (ved beite)	Kant mellom beite og granskog

Lokalitet 1: Ørland naturreservat

Området er eit edellauvskogsreservat i bratt, sørvendt li på nordsida av Hylsfjorden i Suldal, ned mot sjøen. Området blei verna som naturreservat i 1984 og er på ca 60 dekar (Miljøstatus Suldal, Forskrift for vern av Ørland edelløvkogsreservat).

Frå Naturbase:

Bratt S-helling. Ask-almeskog med lind, litt hengjebjørk og underskog av hassel. Feltsjiktet er frodig og artsrikt med junkerbregne, skjel-rot, breiflangre, mellomtrollurt og vårmarihand. I opningar finst tørrenger med kung, mørk kongsllys og gulskolm, og strandbergsamfunn. Floraen er rik og samansett. Vårmarihand, grov nattfiol, mellomtrollurt, junkerbregne, fuglereir, breiflangre, skjelrot, myskemaure, fjellmarinøkkel og kung. Mange regionalt sjeldne artar. Feltsjiktet er flekkvis litt beitepåverka.

Sjå også rapport frå Biofokus/Siste sjanse (Bratli 1998) for nærmare skildring av vegetasjon.



Fig.4 Området er så bratt at det er nærast utilgjengelig, men via ein kjerreveg klarte me å nå inn til den vestre enden av reservatet, heilt nede med sjøen. Me sette opp eitt malaisetelt, to kollisjonsfeller og tre fallfeller.

Lokalitet 2 Ved Tengesdal bru/hytte

Området består av vegkant med mykje blomar og bjørnebærkratt, samt bjørk, ask, or, furu og epletre. Her blei det sett opp eitt malaisetelt og ei kollisjonsfelle. Det blei også fanga med lysfelle rett i nærleiken, ved Solveig Apeland si hytte.

Lokalitet 3 Tengesdal, ved kulturbeite

Dette er lokaliteten som ligg lengst aust, ikkje så langt frå lokalitet 2. Lokaliteten er avgrensa av veg, granskog og beite. Det veks også bjørk, rogn, eple- og plommetre der.



Fig. 5: Oppsetting av malaisetelt ved lokalitet 3 (beite), i ausande regnver.

Oversikt

Slik innsamling gir ofte store mengder dyr, og det er ein krevjande prosess både å sortere, montere og ikkje minst bestemme materialet. Alt er difor ikkje bestemt pr. dags dato.

Biller

Billene er sortert ut og bestemt av Per Kristian Solevåg. Dei blir lagt inn i artsobservasjonar av innsamlarane.

Det er funne ein rødlista billeart, *Melandrya caraboides* (EN) i naturreservatet:

Opplysningar i artskart: 7 eldre funn (før 1960) fra Vest-Agder og Rogaland, samt en nyere lokalitet i Hordaland og to i Møre og Romsdal. Det er sannsynlig at arten også i dag forekommer på Sørvestlandet og at den i tillegg har bestander i Sogn & Fjordane, men at den er kraftig fragmentert og svært lokal. Den utvikles i morkne stammer og stubber av ulike løvtrær, på Møre overveiende i grove bjørkestubber, men også påvist i hassel og ask (Hordaland). Habitatet minker, og med forekomstareal x15, ligger arten godt innenfor EN iht. B-kriteriet.




Fig. 6: Utbreiingskart og foto av *Melandrya caraboides* (begge henta frå artskart).

Byturus ochraceus også funne i naturreservatet er ny for Rogaland.

Stankelbein

Stankelbein er bestemt av Kjell Magne Olsen ved Biofokus. Han har lagt alle data inn i Artskart. Det blei funne fleire artar nye for Rogaland eller Rogaland indre.

Tabell 2: Stankelbein nye for Rogaland eller Rogaland indre. Hedlesbø=Lok1, Tengesdal bru=Lok2, Slettå=Lok3.

<i>Limonia albifrons</i>	Limoniidae	Hedlesbø – Ved grensen til Ørland NR	10.06.2019	03.07.2019	Malaise trap	Ro
<i>Tipula varipennis</i>	Tipulidae	Hedlesbø – Ved grensen til Ørland NR	10.06.2019	03.07.2019	Malaise trap	RI

<i>Discobola annulata</i>	Limoniidae	Hedlesbø – Ved grensen til Ørland NR	03.08.2019	20.09.2019	Malaise trap	RI
<i>Diogma glabrata</i>	Cylindrotomidae	Hedlesbø – Ved grensen til Ørland NR	02.07.2019	21.07.2019	Malaise trap	RI
<i>Austrolimnophila ochracea</i>	Limoniidae	Tengesdal – Nær Tengesdal bru	10.06.2019	02.07.2019	Malaise trap	RI
<i>Lipsothrix errans</i>	Limoniidae	Tengesdal – Nær Tengesdal bru	10.06.2019	02.07.2019	Malaise trap	Ro
<i>Ormosia depilata</i>	Limoniidae	Tengesdal – Nær Tengesdal bru	10.06.2019	02.07.2019	Malaise trap	RI
<i>Metalimnobia bifasciata</i>	Limoniidae	Tengesdal – Nær Tengesdal bru	21.07.2019	03.08.2019	Malaise trap	RI
<i>Atypophthalmus inustus</i>	Limoniidae	Tengesdal – Nær Tengesdal bru	02.07.2019	21.07.2019	Malaise trap	Ro
<i>Dicranomyia quadra</i>	Limoniidae	Tengesdal – Slettå	09.06.2019	02.07.2019	Malaise trap	Ro
<i>Epiphragma ocellare</i>	Limoniidae	Tengesdal – Slettå	09.06.2019	02.07.2019	Malaise trap	RI
<i>Limonia flavipes</i>	Limoniidae	Tengesdal – Slettå	09.06.2019	02.07.2019	Malaise trap	RI
<i>Limonia phragmitidis</i>	Limoniidae	Tengesdal – Slettå	09.06.2019	02.07.2019	Malaise trap	Ro
<i>Neolimonia dumentorum</i>	Limoniidae	Tengesdal – Slettå	09.06.2019	02.07.2019	Malaise trap	RI
<i>Ormosia lineata</i>	Limoniidae	Tengesdal – Slettå	09.06.2019	02.07.2019	Malaise trap	Ro
<i>Nephrotoma dorsalis</i>	Tipulidae	Tengesdal – Slettå	09.06.2019	02.07.2019	Malaise trap	RI
<i>Nephrotoma flavescens</i>	Tipulidae	Tengesdal – Slettå	09.06.2019	02.07.2019	Malaise trap	RI?
<i>Tipula cf. rufina</i>	Tipulidae	Tengesdal – Slettå	09.06.2019	02.07.2019	Malaise trap	Ro?
<i>Tipula unca</i>	Tipulidae	Tengesdal – Slettå	09.06.2019	02.07.2019	Malaise trap	Ro
<i>Dicranomyia autumnalis</i>	Limoniidae	Tengesdal – Slettå	30.08.2019	20.09.2019	Malaise trap	RI
<i>Molophilus flavus</i>	Limoniidae	Tengesdal – Slettå	30.08.2019	20.09.2019	Malaise trap	RI
<i>Rhypholophus haemorrhoidalis</i>	Limoniidae	Tengesdal – Slettå	30.08.2019	20.09.2019	Malaise trap	Ro
<i>Erioptera divisa</i>	Limoniidae	Tengesdal – Slettå	02.07.2019	21.07.2019	Malaise trap	Ro
<i>Ormosia nodulosa</i>	Limoniidae	Tengesdal – Slettå	02.07.2019	21.07.2019	Malaise trap	RI
<i>Ormosia ruficauda</i>	Limoniidae	Tengesdal – Slettå	02.07.2019	21.07.2019	Malaise trap	RI
<i>Tipula irrorata</i>	Tipulidae	Tengesdal – Slettå	02.07.2019	21.07.2019	Malaise trap	RI
<i>Rhipidia maculata</i>	Limoniidae	Tengesdal – Ved hytte nær Tengesdal bru	02.08.2019	03.08.2019	Light trap	RI

Blomsterfluer, praktveps, og bier er også sortert ut, men ikkje bestemt enno. Det er også lagt inn i Artsobservasjonar ein del sommerfuglar samla i lysfelle (Lindehaugen hytte, lok. 2).. Disse er bestemt av Alf Tore Mjøs, Museum Stavanger. Det blei ikkje funne nokre raudlista artar. Det er tidlegare samla sommarfuglar i Ørland naturreservat (Voith og Berggren 2012).



Fig. 7: Sorteringshelg heime på kjøkkenet til Eva 25.-27. oktober 2019. Frå v. Lisbeth, Solveig og Eva.

Litteratur:

Bratli, Harald 1998: Floristiske registreringer i fire verneområder i Suldal kommune Siste Sjanse rapport 1998 – 1 http://lager.biofokus.no/sis-rapport/sistesjanserapport_1998-1.pdf

Melandrya caraboides i artsdatabanken. Tilgjengelig fra: <https://artsdatabanken.no/Rodliste2015/rodliste2015/Norge/9479> (lest 21.11.2019)

Miljøstatus Suldal. Tilgjengelig fra: <https://www.suldal.kommune.no/natur-og-kultur/naturreservat/orland-naturreservat/> (Lest 21.11.2019)

Naturbase. Tilgjengelig fra: <https://faktaark.naturbase.no/?id=VV00001122> (Lest 21.11.2019)

Forskrift om fredning for Ørland naturreservat, Suldal kommune, Rogaland:

Tilgjengelig fra: https://lovdata.no/dokument/LF/forskrift/1984-12-21-2217/KAPITTEL_8#KAPITTEL_8 (Lest 21.11.2019)

Voith, Reidar og Berggren, Kai 2012: Sommerfuglsamling i Suldal i årene 2002 – 2005. *Insekt-Nytt nr 3*.